

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: FØRDE SENTRALSJUKEHUS, FØRDE

MØTETIDSPUNKT: 11.05. 2017, KL. 0830 - 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Lise Strømme	Medlem
Tone B. Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Linn Bæra	Observatør

FORFALL FRÅ STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør

Baard-Christian Schem, fagdirektør

Per Karlsen, økonomi og finansdirektør

Ivar Eriksen, eigardirektør

Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det synfaring og fellesmøte med styret og leiinga i Helse

Førde HF, med følgjande tema:

- NORSE – ei nyskaping! v/professor Christian Moltu
- Litt historie om Helse Førde v/adm. dir. Jon Bolstad
- Utviklingsprosjektet «Framtidas lokalsjukehus» på Nordfjordeid v/adm. dir. Jon Bolstad
- Utviklingsarbeidet vårt no v/utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven
- Status uro i Helse Førde v/styreleiar Agnes Landstad
- Framover v/styreleiar Agnes Landstad
- Orientering om forprosjekt SUS2023 ved administrerende direktør Inger Cathrine Bryne og prosjektleiar Kari Gro Johanson

Sak 047/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ikkje forfall til møtet.

Dokument som var ettersendt til styret:

Styreleiar orientere om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- Ettersendte skriv og meldingar:
- Skriv 4 - Brev frå tilsette i Helse Førde til styret i Helse Vest, dagsett 05.05.17.
- Drøftingsprotokoll Helse 2035

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det er eit ekstra punkt på AD si orientering:

Pkt. 5 – Utgreiinga «Ventetidsregistrering i spesialisthelsetenesta»

Saker til eventuelt :

Det var ikkje meldt saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 048/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 04.04. 2017

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 4. april 2017.

Sak 049/17 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Når det gjeld høyringa – Rapport om «Seniorar og arbeidslivet – aldersgrenser og tilpassingar» har Helse Vest RHF ikkje gitt høyringsuttale, men det er høg merksemd på policy for seniorar i eigen organisasjon.

4. Lærlingar i helseføretaka

Det har vore ei positiv utvikling og andelen lærlingar i føretaksgruppa har auka med 70 personar siste år, og positivt at Helse Bergen har eigne lærlingar i helsefag frå 2018.

Styret ønskja at Helse Vest framstår med ein positiv profil for å utvikle lærlingordninga, lære opp og rekruttere fagarbeidarar og vurdere oppgåvedelinga i sjukehusa.

Styret ønskja også få med talet på fagarbeidarar i føretaka ved neste gjennomgang.

5. Utreiinga «Ventetidsregistrering i spesialisthelsetenesta»

Helse Vest utarbeidar analysar på dette som vil vere eit godt grunnlag for å svare Helse- og omsorgsdepartementet i tertialoppfølgingsmøtet 19. juni.

Presentasjonen blir lagt ut i Admincontrol når analysane er ferdige.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 050/17 Rapportering frå verksemda per mars 2017

Oppsummering

Helsefaglige indikatorar og sjukefråvær

Kort status pr mars 2017	Nasjonalt mål	Helse Vest	
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %		 4,6 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60		 58
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	60		 44
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	60		 42
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	60		 30
Fristbrot behandla pasientar	0 %		 1,9 %
Prosentdel korridorpasientar somatikk	0 %		 1,8 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %		 84 %
Epikrisetid somatikk	100 %		 85 %

Tabellen viser grad av måloppnåing per mars i høgre kollonne og for februar i venstre kollonne.

Kort status pr mars 2017	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger HF	Helse Fonna HF	Helse Bergen HF	Helse Førde HF
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %	4,6 %	7,5 %	1,4 %	3,8 %	5,2 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60	58	64	56	57	49
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	35	44	49	49	41	32
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	40	42	44	35	50	26
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	35	30	25	25	24	28
Fristbrot behandla pasientar	0 %	1,9 %	2,8 %	4,5 %	1,0 %	0,4 %
Prosentdel korridorpasientar somatikk	0 %	1,8 %	2,8 %	2,8 %	1,5 %	0,2 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	84 %	72 %	83 %	93 %	96 %
Epikrisetid somatikk	100 %	85 %	77 %	79 %	91 %	95 %
Samla sjukefråvær	5,5 %	6,5 %	6,5 %	6,6 %	6,9 %	5,3 %

Tabellen viser grad av måloppnåing per mars i høgre kollonne og for februar i venstre kollonne. Oversikt over grenseverdier er presentert i vedlegget.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Mars			Hittil pr. Mars		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	592	1 827	-1 236	3 752	3 565	187
Helse Bergen HF	18 714	14 600	4 114	40 690	42 800	-2 110
Helse Fonna HF	4 283	3 333	949	9 010	10 000	-990
Helse Førde HF	1 081	1 250	-169	486	3 750	-3 264
Helse Stavanger HF	493	6 668	-6 175	4 180	20 000	-15 820
Reservar/fellestenester/finans	33 687	22 712	10 975	110 012	70 163	39 849
Administrasjon morselskap	500	-147	647	3 030	-430	3 460
Helse Vest IKT AS	100	-3 087	3 187	-6 098	-9 205	3 107
Til saman	59 449	47 157	12 293	165 062	140 643	24 419

Alle tall i heile tusen

Styret ønskja høg prioritet på dei raude punkta i rapporten som til dømes:

- ventelistetal innan BUP i alle føretak
- inntektssvikt i både Helse Bergen og Helse Stavanger
- epikrise i handa

Styret ønskja at dei raude punkta blei følgt opp i oppfølgingsmøta med HF-a og at HF-a gjer greie for:

- Kva som er status
- Kva tiltak som blir sett inn for å komme i grønt
- Kva som er tidsperspektivet for å komme i grønt
- Følgje opp dei raude punkta i oppfølgingsmøta. Kva er status. Kva er tiltak for å komme

Styret ønskja auka fokus på å lære av kvarandre/dei beste og dette bør følgjast opp både i oppfølgingsmøta med HF-a, direktørmøta og i styra.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. mars 2017 til etterretning.

Sak 051/17 Sal av eigedom i Solåsveien 5 a-c, Helse Stavanger HF

Oppsummering

Eigedomen i Solåsveien 5 a-c omfattar totalt 18 leilegheiter. Desse er nytta til tilsette. Behovet for å kunne tilby leilegheiter til tilsette er ikkje lenger stort. Helse Stavanger eig 75 leilegheiter og fleire av desse er pt ikkje leigd ut. I tillegg er ikkje bustadutleige innanfor helseføretaket si ordinære verksemd.

Helse Stavanger HF ønskjer derfor å selje eigedomen.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF gav sin tilslutning til sal av bustadeigedomen Solåsveien 5 a-c, gnr. 21 bnr. 945 i Stavanger kommune.
2. Styret føreset at eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Styret i Helse Vest RHF oversender spørsmålet om sal til føretaksmøtet for Helse Vest RHF med førespurnad om samtykke til sal, jf. helseføretakslova § 31.
4. Under føresetnad av at eigar på føretaksmøte i Helse Vest RHF gir sitt samtykke til sal, vert det gjennomført føretaksmøte i Helse Stavanger HF, for formelt å vedta salet.

052/17 Ny representant til regionalt brukarutval i Helse Vest

Oppsummering

Nye medlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest blei oppnemnt av styret i Helse Vest den 2. november 2017. Den representanten som først blei peikt ut frå RIO (Rusmisbrukernes Interesseorganisasjon) har grunna sjukemelding ikkje kunne deltatt på nokon av RBU sine møter 2017. RIO har no peikt ut eit nytt medlem, Karl Olaf Sundfør, til å representere RIO i det regionale brukarutvala i funksjonsperioden 2017-2019. Karl Olaf Sundfør deltok på møte i det regionale brukarutvalet den 27. mars og er motivert til å tre inn som fast medlem av regionalt brukarutval i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest oppnemnde Karl Olaf Sundfør, frå brukarorganisasjonen RIO, som nytt medlem av regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2017- 2019.

Sak 053/17 Smittevernplan Helse Vest RHF 2017-2021

Oppsummering

Smittevernplan for Helse Vest RHF 2017-2021 – Strategi for å førebyggje og handtere sjukehusinfeksjonar er ei vidareføring av tidlegare smittevernplanar.

Hovudmålsetjinga med tiltaka i planen er å redusere førekomsten og konsekvensane av sjukehusinfeksjonar. Den aukande førekomsten av antibiotikaresistens i normal bakterieflora, gir grunn til uro. Kunnskap om grunnleggjande smittevernprinsipp og rasjonell bruk av antibiotika, er heilt essensielt for å hindre smitteoverføring og resistensutvikling. Denne reviderte utgåva av planen gjer greie for dagens viktigaste risikoområde innan infeksjonsførebygging. Planen inneheld ei rekke forslag til risikoreduserande tiltak.

Planen skal vere føretaka sitt faglege grunnlag for helsetenesteplanlegging når det gjeld smittevern – og pasienttryggleiksarbeid. Planen omhandlar også planlegging av sjukehusbygg.

Styret ønskja at det blei starta eit regionalt arbeid med å utarbeide felles rutinar i føretaka på område som kan redusere smitte og infeksjonar t.d. handhygiene, fjerning av smykke og ringer og dekke til hår m.m. Etterleving av smittevernrutinar må sikrast. Forankring av dette arbeidet vil starte med ein diskusjon i direktørmøtet i Helse Vest. Kompetansesenteret og Program for pasienttryggleik vil og vere viktige aktørar i dette. Styret slutta seg til ein felles regional tilnærming til dette.

Vedtak (samrøystes)

Revidert smittevernplan 2017-2021– Strategi for å førebyggje og handtere sjukehusinfeksjonar blir lagt til grunn for arbeidet med smittevern i helseføretaka.

Sak 054/17 Helse 2035

Det var gjennomført drøfting med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

2. februar 2017 vedtok styret i Helse Vest RHF i sak 016/17 å sende Helse2035 på høyring til interne og eksterne interessentar. Høyringsfristen blei sett til 10. april. Strategiutkastet er no føreslått oppdatert på bakgrunn av innspela som kom gjennom høyringssvara. Det er ikkje lagt til nye overskrifter, men det er gjort endringar for å tydeleggjere eller utdjupe innhaldet i den eksisterande teksten. Enkelte omgrep og definisjonar, mellom anna knytt til beredskap og uønskt variasjon, er òg lagt inn. I tillegg er det gjort nokre mindre grafiske endringar.

Samla sett er høyringssvara positive, og strategien er godt motteke. Dei positive kommentarane gjeld både prosessen, form og innhald. Samtidig er det mange som har peika på behovet for tydelegare planar for oppgåvedeling, funksjonsdeling, samhandling og samarbeid både internt og eksternt. Utfordringar rundt utvikling og bruk av teknologi er òg nemnt av fleire. Nokre høyringsinstansar er meir kritiske, og meiner at både prosessen og innhaldet i strategien burde vore utvida.

Mange av innspela omhandlar konkretisering, tiltak og gjennomføring av strategien. Det er naturleg å vurdere desse innspela i samband med tiltaksplanen og det regionale og lokale strategi- og planarbeidet vidare.

Etter forslag frå styremedlem Gunnar Berge slutta styret seg til å leggje inn følgjande formulering i strategidokumentet.

«Helse Vest vil som ein stor aktør på forskings- og utviklingsområdet, samt ved innkjøp av varar og tenester, bidra til verdiskaping i regionen ved sida av eigenaktivitetane. Disse moglegheitene må utnyttast til ei kvar tid.»

Etter forslag frå styremedlem Olin Johanne Henden slutta styret seg til å ta inn ei setning/avsnitt om habilitering i samband med avsnittet om rehabilitering i dokumentet.

Styret presiserte at dei 4 årige tiltaksplanane skal vedtakast av RHF styret og at HF-a sine utviklingsplanar skal sluttbehandlast i styret for Helse Vest RHF.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret gav sin tilslutning til Helse2035, slik strategien er lagt fram etter høyringsrunden og med dei kommentarar som kom fram i møtet.
2. Styret ba om at innspela som er relevante for arbeidet med tiltaksplanen og gjennomføringa av strategien blir tekne med vidare.

Sak 055/17 Forprosjekt Haugesund sjukehus

Oppsummering

Styret i Helse Vest har ved fleire høve behandla utbygging ved Haugesund sjukehus i Helse Fonna.

Styret behandla sist konseptrapporten. Tre alternativ blei vurdert:

- 0-alternativet
- Vest-alternativet
- Nord-alternativet

Vestalternativet blei tilrådd og godkjent som grunnlag for forprosjektering.

I konseptfasen blei den økonomiske ramma for byggetrinn1 med ombygging satt til 1,8 mrd. kr. og 1,5 mrd. kr. for byggetrinn 2, samla 3,3 mrd. kr.

Det ligg no føre ein forprosjektrapport. Forprosjektet er gjennomført i tråd med tidlegfaserettleiaren og styret i Helse Fonna har godkjent at rapporten blir lagt til grunn for innhenting av anbod og byggestart.

Konseptrapporten har vore gjenstand for ekstern kvalitetssikring. I hovudsak blei det gitt gode tilbakemeldingar på arbeidet i konseptfasen. Det var likevel ein del merknadar. I tråd med styrevedtak i Helse Vest har Helse Fonna i forprosjektet systematisk søkt å svare opp alle merknadane/kommentarane frå den eksterne kvalitetssikringa.

I forprosjektet blir det tilrådde alternativet gjennomgått på eit meir detaljert nivå.

Helse Fonna har gjennom forprosjektet også kvalitetssikra byggekostnadane, eiga finansieringsevne og kva økonomiske gevinstar som kan hentast ut av prosjektet.

Arbeidet i forprosjektet har ikkje medført vesentlege endringar i prosjektet.

Styret i Helse Vest blei informert om prosjektet i samband med styreseminar 3. april 2017 i Haugesund.

Vedtak (samrøystes)

1. Under føresetnad av at det blir gitt statleg lånefinansiering godkjenner styret i Helse Vest at forprosjekt for utbygging av byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus blir lagt til grunn for å hente inn anbod og starte utbygging.
2. Kostnadsramma for byggetrinn 1 med ombygging blir sett til 1,8 mrd. kr.
3. Byggetrinn 2 ligg lenger fram i tid og må behandlast som eiga sak.

Sak 056/17 Spesialistutdanning for legar – status for innføring av ny modell i Helse Vest

Oppsummering

Det blei vist til tidlegare styresak 015/17 "Etablering av ny modell for spesialistutdanning for leger – de regionale helseforetakenes rolle og ansvar". I denne saka er styret informert om arbeidet med etableringa av ny modell for spesialistutdanning for legar der det vert lagt vekt på rolle og ansvar hos dei regionale helseføretaka. Ei likelydande sak vart fremja i alle dei fire regionale helseføretaka.

Leiar for Regional Utdanningscenter Helse Vest og direktør for medarbeidar, organisasjon og teknologi, ønskjer med denne saka å informere styret om status for innføringa av ny modell i Helse Vest, med hovudfokus på del 1.

Del 1 skal erstatte turnustenesta og inngår i den nye ordninga som ein del av den nye spesialist-utdanninga. Del 1 startar september 2017.

Det regionale arbeidet med innføring av ny modell for spesialistutdanning for leger er i høve til plan og regionalt utdanningssenter (RegUt) bidrar til å støtte helseføretaka/sjukehusa sine arbeid med oppstart av del 1 av ny spesialisering.

Det er viktig at helseføretaka held fram med si prioritering av arbeidet med innføring av ny spesialistutdanning for legar, slik at framdrifta vert oppretthalden og optimal gjennomføring av del 1 vert sikra.

Reforma gir verksemda større ansvar for spesialistutdanninga og dermed også større høve til å utdanne legespesialister for framtida med høg og rett kompetanse for å sikre pasientens helseteneste.

Den nye spesialistutdanninga vil verte krevjande å gjennomføre og vil påverke den kliniske kvardagen i sjukehusa. Når læringsmåla for dei ulike spesialitetane i LIS 2 og LIS 3 utdanninga vert endeleg godkjende av Helsedirektoratet (juni 2017) er det viktig at RHF/helseføretaka gjennomgår dei forskriftsfesta læringsmåla innan aktuelle spesialitetar og raskt set i verk planlegging av de ulike LIS-løpa i sin region, og samarbeider i tråd føresetnadene som blei lagt i styringsdokumenta i 2016 og 2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok framstillinga «om spesialistutdanning for leger – status for innføring av ny modell i Helse Vest» til orientering.

Sak 057/17 Sosial ulikskap ved primærbehandling av lungekreft i norske sjukehus

Oppsummering

Helse Vest-styret får i denne saka presentert eit viktig forskingsarbeid utgått frå Kreftregisteret. Dette arbeidet indikerer at sosioøkonomisk status og alder kan påverke kva for behandling pasientar får ved nyoppdaga lungekreft i norske sjukehus. Sjukehusbuområde verkar også inn på i kva grad pasientane får tilgang på kurativ behandling. Standarisering, målretta kvalitetsarbeid, styrking av pasientrolla og samhandling på tvers av tenestenivåa er tiltak som kan motverke skilnader i helsetilbod som er grunna i sosial ulikskap.

Styret peika på viktigheita av å ha høg merksemd på å sikre likeverdig behandling uavhengig av sosialøkonomisk status og alder.

Vedtak (samrøystes)

Saka vart tatt til orientering.

Sak 058/17 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 01.02.2017

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 1. februar 2017.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 8. mars 2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 06.12.2016 til orientering.

Sak 059/17 Eventuelt

Uro for bemanning under sommarferieavvikling sommaren 2017 (LS)

Styremedlem Lise Strømme var uroa for om helseføretaka ville klare å skaffe tilstrekkeleg med vikarar for anestesisjukepleiarar og operasjonssjukepleiarar gjennom sommaren.

Ansvar for ferieplanlegging og å rekruttere vikarar ligg til helseføretaka. Helseføretaka har gode planleggingsverktøy for å planlegge ferieavvikling i god tid og sikre tilstrekkeleg kompetanse og personell også i ferietid.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Skriv 1 - Rapportering frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 030417 - Rapportering pr. februar 2017
- Skriv 2 - Møtereferat RBU 27.03.2017
- Skriv 3 - E-post 060417 til Helse Vest frå Kvinne- og familieforbundet – Ambulansekutt
- Skriv 4 - Brev frå tilsette i Helse Førde til styret i Helse Vest, dagsett 05.05.17

Styret tok brevet frå tilsette i Helse Førde til styret i Helse Vest til orientering. Svarbrev blei godkjent og signert og blir sendt med kopi til Helse Førde HF.

Torunn Nilsen

11.05. 2017

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Bente Sissel Pilskog	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Tom Guldhav	Medlem